

Kvåle skule

Dato: 7.mai 2024

Referat frå møte i Samarbeidsutvalet

Frammøtte: Odd-Eivind Holo (konstituert rektor), Torill Fimreite Cirotzki (miljørettleiar), Hanna Petra Gudmundsdottir (lærer), Ragnhild Myhre (lærer), Erlend Lunde Fardal (Ap), Rita Navarsete (Frp), Ane Solbraa (FAU), Christina Skancke Sørheim (FAU), Hanne Hollekve (leiar elevrådet) og Maja Veum Tuftene (nestleiar elevrådet).

1. Presentasjon av frammøtte. Gjennomgang av sakliste for møtet.
2. Konstituert rektor informerer om stoda ved skulen generelt, både positivt og negativt.
 - a. Generelt. Stor skule – nærare 400 elevar, nærare 60 tilsette – bortimot 40 lærarstillingar. Godt kvalifisert personale. Neste år – 15 stillingar miljørettleiarar – godt kvalifiserte personar – variert kompetanse. Godt søkjartal framleis til ledige stillingar – kan verta nedgang i dette.
 - b. Elevar. God elevmasse som me kan vera stolte av. Ligg godt an med tanke på nasjonale målingar. Om lag 15% av elevane framandspråklege – noko som både berikar og utfordrar oss.
 - c. Skulebygg. Det vert trongt på Kvåle etter kvart. Viktig at politikarar planlegg/tek høgde for dette. Utfordringar med tal rom – fleire elevar treng tilrettelegging som krev eit eigne rom. Me er takksame for ny hall, men med det talet elevar me har på skulen trengs det endå meir kapasitet. Symjing vil bli utfordrande når symjehallen skal renoverast no snart.
 - d. Personale. Det har vore leiarskifte og konstituert rektor midt i året, noko som sjølv sagt har skapt utfordringar, men saman har personalet klart å løyse dette på ein god måte. Ny rektor til hausten – dette vert spanande.
 - e. Kvåle skule vert dei neste fire åra ein Lærarutdanningsskule, der me skal bidra til utvikling av lærarutdanninga samt vera ein skule som samarbeidar tett med HVL.

Spørsmål/kommentarar frå møtelyden:

- Korleis er det med utfordrande åtferd på skulen, opplev dei tilsette seg trua/utrygge på jobb med elevar.
 - o Lærarar fortel at det er noko utfordrande åtferd i klassane, men at lærarar stort sett ikkje opplever seg utrygge i lag med elevar. Miljøterapeutane har som regel mest å gjera med dei utfordrande elevane – Torill fortel at dei opplever utfordrande åtferd, men trur ikkje at miljøterapeutane opplever seg utrygge i jobben.

- Det vert informert om at nye-hallen faktisk står mykje ledig, og at den gjerne kan nyttast meir effektivt?
- Angående framtida med fleire parallellar; er skulen rigga for å ta imot fleire parallellar? Skulen har allereie store kull, som t.d. noverande 9. trinn.
 - o Rektor svarar at ein har ytra ynskje om at det ikkje vert plassert fleire nykomne elevar på dette trinnet med mindre det er absolutt naudsynt.
- Ang. bemanningsnorm, funkantar ting som ein ynskjer – har skulen den bemanninga som trengs til god og sikker drift?
 - o Rektor svarar at me må halda oss innafor budsjett. Det er eit fåtal elevar det følgjer eksterne midlar med. Me har auka tal miljørettlearstillingar samanlikna med det som er gitt midlar til i budsjettet, grunna store behov i elevgruppa.
 - o Lærarar må ofte møte mange ulike behov innafor ei gruppe. Elevar som har behov for spesialundervisning og har fått vedtak på dette, kan måtte gjennomføre denne i gruppe med fleire elevar med svært ulike behov.
 - o Vidare diskusjonar om auka tal framandspråklege elevar og andre utfordringar samt knappe ressursar. Ofte vert det snakka om budsjettkutt i skule og oppvekst, sjølv om kvardagen i skulen består av auka – og ofte tøffe – utfordringar. Det kan då verte opplevd som dårleg samanheng mellom kva ein får til drift i budsjettet og kva som faktisk må brukast pengar på i klasseromma.
 - o Det vert og nemnt at ressursane til å drive administrasjon og leiging av skulen har vore uendra i mange år, medan mengda oppgåver som må administrerast og måten ein ynskjer å drive leiging på, har endra seg. Også her vert det opplevd for knappe ressursar til å kunne utføre drifta med kvalitet i alle ledd.

3. Elevundersøkinga. På dei aller fleste parameter ligg me over landsgjennomsnittet. Dette er positivt.

- a. Når det gjeld elevmedverknad har me litt svakare tal og eit forbettringspotensiale. Dette er eit område elevar i heile landet opplever at skulen kan ta meir på alvor. Maia og Hanne opplev meir elevmedverknad etter kvart som dei vert eldre – i 10. klasse kan dei t.d. i nokon grad velja sjølvve korleis dei t.d. tek ei vurdering/prøve (munnleg, skriftleg, presentasjon).
- b. Mobbing – tala for skulen ligg godt under landsgjennomsnitt – men me har likevel elevar som opplever mobbing. Det vert informert om kva tiltak me set inn ved mobbing – skal lagast tiltaksplan. Tiltak kan vera t.d. fleire vakter i friminutta. Hanne nemner at det er viktig at elevar vert informerte viss det er mobbing/vanskar på gang slik at dei faktisk kan vere med å hjelpe til.
- c. Rektor informerer om dei undersøkingane me nyttar her ved skulen (elevundersøkinga, Spekter, Ungdata).

4. Uteareal ved Kvåle skule: To elevar frå 6.klasse har sendt brev til ordføraren med ynskje om fleire leikar/aktivitetar på uteområdet ved skulen. Elevrådet har engasjert seg i saka og har kome med detaljerte ynskje om utbetringar.
 - a. Rektor har vore i møte med Fosshaugane AS, som eig/driftar ein del av uteområdet. Det er blitt semje om ein del vedlikehald og utbetringar.
 - b. Tilsette i Sogndal kommune er hjelpsame med t.d. merking av banar. Eit firma vurderer kva må gjerast for å løfta utearealet/leikeapparata. Skulen har også litt pengar til kjøp av utstyr.

5. Kantinedrift. Torill informerer: På tide at kantina får eit løft, både med omsyn til eigna møblar, hyller til spel og så vidare. Me har også utfordringar med drifta knytt til ein god del kontantar. Dette er utfordrande sidan skulen ikkje kan ha ein eigen bankkonto til dette føremålet.

Spørsmål om kantina skal verta kontantfri og at ein nyttar berre bankkort? Ein del diskusjonar rundt dette. Små ting vert store, enkel drift vert gjort vanskeleg av byråkrati. Sidan kantinepengane ikkje er ein del av skulen sin økonomi skal ikkje desse inno mmunerekneskapen. Ein vert difor oppfordra til at foreldre kan eige ein kantinekonto. Forståeleg nok er det mange foreldre som vegrar seg for å ta på seg økonomisk ansvar ved dugnad/17. mai organisering, noko som igjen får utfordringar for 10.klassetur då desse høyrer til kvarandre økonomisk.

6. Informasjon frå FAU om arbeidet dei har gjort so langt i år.
 - Skule-pc'ar. Kvifor har skulen ingen ordning om å senda pc-ar heim for å gjera digitale lekser? Forskjellig praksis innanfor kommunen. Kan det bli lik praksis?
 - Gratis-prinsippet. 10. klasseturen. Har vore tilsyn frå statsforvaltaren. Etter det har kommunen laga retningslinjer for dette. Foreldre opplever usikkerheit rundt korleis ein skal forstå dette ved praktisk gjennomføring av foreldredugnader. I dialog med skulen blir det utvikla eit dokument der ein prøver å presisera korleis ein kan handtera dette. Det er sterkt ynskje om å ivareta gratisprinsippet samtidig som elevane kan dra på turar som til dømes Tysklandturen i 10. klasse. Er det mogleg at kommunen organiserer dugnadsarbeid for elevar, betaler elevar for å utføra arbeid i kommunen? Rektor diskuterer dilemmaet med dugnadsarbeid – pengar og økonomi - vs. verdien av å reisa på ein tur som skuleturen i 10. klasse som er ein «danningstur» med mykje verdifullt innhald.
 - Skulens beredskapsplan med omsyn til skuleturar – alkohol/rusmidlar på/utanfor skulen. God plan gjer det lettare å handtera situasjonar. Elevrådsrepresentantane nemner at dei ikkje har høyrte om eller vorte tilbudd narkotika.
 - Oppfølging av skulevegving – kva gjer Kvåle skule for å ivareta desse elevane? FAU er informert av rektor om moglege tiltak, og at dette er noko me stadig må arbeide vidare med.

7. Mobilfri skule: Både FAU og Elevrådet har teke det opp. Det er gitt nasjonale anbefalingar frå Udir. FAU ynskjer at skulen/kommunen gjer ein jobb for å følgja opp anbefalingane frå Udir. Det er også ynskjeleg med tydelege retningslinjer i

Sogndalsskulen då det vert opplevd å vere ulik praksis i dei forskjellige skulane i kommunen. Dette har vore drøfta i rektorgruppa – dei fleste ynskjer å vera mobilfrie, men at mobil kan brukast i undervisningssituasjon.